



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
30/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2026
31/26	Eldrerådet	31.08.2026
31/26	Ungdomsrådet	31.08.2026
78/26	Formannskapet	09.09.2026
	Kommunestyret	

Flaggreglement

Samandrag:

Administrasjonen legg fram forslag til flaggreglement for Herøy kommune. Føremålet er å etablere ein tydelegg einsarta praksis for flagging frå kommunen sine bygningar og eigedomar. Reglementet skal gje klare reglar for flagging på offisielle flaggdagar, ved sorgmarkeringar, ved besøk/arrangement og ved søknader om særskild flagging.

Eldrerådet 31.08.2026

Behandling:

Røysting (5 røysteføre):

Eldrerådet tek saka samrøystes til vitande.

E - 31/26 Vedtak

Saka vert teken til vitande.

Kommunedirektøren si tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek «Flaggreglement for Herøy kommune» slik det ligg føre.

- Reglementet tek til å gjelde frå vedtaksdato.
- Kommunedirektøren får mynde til å fastsetje nødvendige administrative rutinar for gjennomføring av reglementet.

Vedlegg:

Flaggreglement for Herøy kommune
Bruk av kommunevåpen
Flagging ved helseinstitusjonane

Saksopplysningar:

Med heimel i lov 29. juni 1933 om flagging på kommunanes offentlege bygningar § 1, som regulerer kva flagg som kan nyttast på eller frå kommunale bygningar, eigedomar og institusjonar vert det med dette lagt fram sak om eifge flaggreglement for Herøy kommune.

Herøy kommune har, fram til no ikkje hatt eige flaggreglement. Forslag til reglement, slik det fylgjer i denne saka bygg i stor grad på reglementa til nabokommunane våre.

Flagging er ein viktig del av kommunen si offentlege representasjon og vert nytta ved nasjonale merkedagar, val, offentlege besøk, sorgmarkeringar og andre høve og eit reglement vil sikre at vi held ein fast praksis og flaggar etter like prinsipp.

Herøy kommune har prosedyre for flagging ved institusjonane og reglar for bruk av kommunevåpen og -flagg.

Vurdering og konklusjon:

Frå tid til annan ser ein at det er offentlig debatt om bruk av flagg, døme på slik debatt kan vere den internasjonale kvinnedagen 8. mars, FN dagen 24. oktober eller bruk av Prideflagget får kommunale flaggstengre. Ved utarbeiding av flaggreglement for kommunen kan ein sikre ein forutsigbar praksis ved kommunale bygg og gje tydelege fullmakter til ordførar og administrasjon. Dette vil redusere risikoen for ulik behandling av søknader om flagging og sikre verdig handtering av sorgmarkeringar og offentlege markeringar.

Administrasjonen meiner det er naturleg at Herøy kommune følgjer dei offisielle flaggdagane:

1. januar	1. nyttårsdag
21. januar	H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandra sin fødselsdag
6. februar	Samanes nasjonaldag
21. februar	H.M. Kong Harald V sin fødselsdag
1. påskedag	Rørleg dato
1. mai	Arbeidarane sin internasjonale kampdag
8. mai	Frigjeringsdagen 1945
17. mai	Grunnlovsdagen
1. pinsedag	Rørleg dato
7. juni	Unionsoppløysinga i 1905
4. juli	H.M. Dronning Sonja sin fødselsdag
20. juli	H.K.H. Kronprins Haakon sin fødselsdag
29. juli	Olsokdagen
19. august	H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit sin fødselsdag
25. desember	1. juledag

Samstundes opnar reglementet pkt. 7 for lokal skjønsvurdering ved særlege høve.

Vidare er det administrasjonen si vurdering at ordføraren bør få mynde til å ta avgjerd om flagging utover det som er direkte omfatta av reglementet. Dette vil vere praktisk ved nasjonale hendingar, sorgmarkeringar eller internasjonale besøk der avgjerder må takast på kort varsel.

I reglementet vert det lagt opp til at ein vidarefører praksisen om at flagginga på rådhuset vert utført av eigedomsavdelinga. Sidan reglementet legg opp til ei formalisering av gjeldande bruk, vil det ikkje gje nye kostnader for kommunen. I tillegg til reglementet må det

utarbeidast interne rutinar for gjennomføring av flagging ved dei andre kommunale bygga som omfattast av reglementet.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at eit eige flaggreglement vil bidra til ein meir einsarta, føreseieleg og verdig praksis for flagging i Herøy kommune. Reglementet vil klargjere ansvar, mynde og prosedyrar, samstundes som det gjev kommunen tilstrekkeleg fleksibilitet til å handtere særlege markeringar og hendingar.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: Ikkje relevant

Miljøkonsekvensar: Ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ikkje relevant

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje relevant

Trond Arne Rossi Aglen	Marit Sævik Leinebø
Kommunedirektør	Kommunalsjef samfunnsutvikling